



Uskedelingen Tove Lill Lakselv (Framstegspartiet) spar jord over bygdedyret. Til venstre initiativtakar Bente Bondhus frå Senterpartiet og til høgre Øyvind Hardeland frå Arbeidarpartiet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bygdedyret som har ridd Kvinnherad som ein mare i mange år og som har vakse seg stort og stygt er no gøymt i jorda på Stemneplassen i Uskedalen. Det blir avløyst av samarbeid og heilskap!**

Det vonar i hvert fall Senterpartiet og tre andre parti som møtte opp som garantistar under den svært spesielle seremonien laurdag ettermiddag. Dei tre var Arbeidarpartiet, Framstegspartiet og Uavhengig Sentrum. Men kvar var dei andre? Har dei ikkje sans for slike symbolhandlingar?



Slik såg bygdedyret ut før det vart jordfesta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg prøvde forgjeves å få gravlagt bygdedyret i mine åtte år som ordførar og det gler meg at det no endeleg har lukkast, sa Torleif Hellesøy. Han spadde over jord saman med Tove Lill Lakselv frå Framstegspartiet, Øyvind Hardeland frå Arbeidarpartiet og Knut Prestnes frå Senterpartiet. Så spørst det berre om dyret ligg langt nok under jorda slik at det ikkje dukkar opp att. Jordsmonnet over det kjempegraskar frå Kvinnherad som vart grave ned som symbol for bygdedyret er ikkje tjukt. Men "dyret" kan altså heldigvis brytast ned..Oppå "grava" vart det lagt ein stein der det står "Indre-Ytre f: Luten 8.9. 2007". Friluftslaget hadde sagt ja til jordfestinga på vilkår av at det vart grave så djupt som mogeleg!

Politikarane skreiv også under på ei forpliktande erklæring som skal hengjast opp på ein heidersplass i kommunestyresalen, sjølv sagt også med underskrifter frå dei andre partia.

- Nokon har kalla dette ein val-gimmick, men det er ramme alvor og dei neste fire åra vil synleggjera det, sa Bente Bondhus, som hadde ideen og leia seremonien.



Ho vona at politikarane aldri meir vil la problematikken ytre/indre styra utviklinga.

Dette er minnesteinen som kanskje bør avløysast av ein skikkeleg beuta? (Foto: Ola Matti Mathisen)



17-åringen Kaia Thunold Hatteberg tok dei første symbolske spadetaka. Til venstre Bente Bondhus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen vart valt som stad for gravleggjinga fordi bygda ligg midt i kommunen og fordi det er prega av ei fantastisk dugnadsånd. Bondhus streka under kor viktig det er at dei styrande har hjarta for alle bygdene og ikkje berre for nokon.

- Som folkevalte for einstor kommune som Kvinnherad må me klara å sjå heilskap, og å ha hjarta for alle bygdene, finna gode løysingar i fellesskap, sa Bondhus.



Ho hadde bedt ein flott ungdomsrepresentant, 17 år gamle Kaia Thunold Hatteberg frå Rosendal, om å få bygdedyret på plass i grava og ta dei første spadetaka.

Bente Bondhus kommenterte det slik: - Kaia er glad i heimbygda og kommunen sin, ho vil vera med og vidareføra heilskapstanken og bidra til gode løysingar for heile kommunen.

Dette manifestet må partia skrive under på

Av Ola Matti Mathisen



Det møtte fram ein stor flokk politikarar, men berre frå fire av partia. (Foto: Ola Matti Mathisen)